

ISFLAKET



Organ for Ishavsmuseets Venner.
Nr. 1/2001 Mars 2001. 3. Årgang.

Årsmøte i Ishavsmuseets Venner
Ishavsmuseet
Laurdag 24. Mars
Klokka 17:00.

I dette nummeret: Frå Venneforeninga – Bjarne J Brandal.
Alpegondolen – Ivar Ytreland
Den gløynde bergingsdåda – Magnus Sefland
Ishavsskuta Norvegia – Magnus Sefland
Sommartur år 2001 til Aust-Grønland – Tore Topp
Helsing frå Museet – Webjørn / Einar
Norsk Polarklubb – Fritjof Mehlum
Helsing frå Antarktis. – Sigvald Brandal
Årsmelding frå Venneforeninga.- Bjarne J Brandal

Kjære medlemmer og venner.

Takk for at du/dere gjennom medlemskap støtter oss. Er du fornøyd med vårt arbeid ?. Det kan du finne ut ved å lese årsberetninga for siste år som er vedlagt.

Venneforeninga ønsker seg flere medlemmer. Fortelle om Ishavsmuseet, Venneforeninga og Isflaket til din vennekrets. Medlemskap koster kr 100.- pr år, familie kr. 200.-bedriftsmedlemskap kr 500.- Vår medlemsbankkonto er **3010 10. 17293** i Sparebanken Møre.

Har vi merkesaker ? Ja, så klart. Mange men den viktigste nå er å støtte opp om prosjektet: **AARVAK UNDER TAK**. Det haster. Som du ser av regnskapet fra i fjor bevilget Venneforeninga kroner 17.000.- til Aarvak. Oppgaven er så stor at her må vi hjelpe til noen og en hver. Vi er glad for at selve Museet og styreleder Holm har bretta opp armene. Vi veit fra før at det er lettere å få midler fra myndigheter når dei ser at det skjer noe lokalt. Altså !! Fram med sparebøssene!!

Bjarne J. Brandal

STYRINGSPLAKATEN.

En av våre venner medisiprofessor Per Stavem, har sendt oss dette:

STYRBORD SIDE.

Styreåra ned i vann
holdes av en styremann
gjennom høyre sidebord-
styrbord side ble et ord,
klekket ut her langt i nord.

BABORD SIDE.

Babord side
vendt mot havn-
og port er derfor
engelsk navn.

VIKEPLIKT.

Port is red
og babord rød
båt som møter
rød lanterne
viker vekk
før båter støter.

Styret i Ishavsmuseets Venner:
Bjarne Brandal- formann, Hermann Bakke – nestformann, Liv Skarbakk – sekretær,
Arnfinn Karlsen, Lars J. Brandal, Britt Eilertsen , Ottar M. Brandal.
Isflaket: Johannes Alme
Ishavsmuseets Venner, Postboks 20, 6062 BRANDAL

ALPEGONDOLEN.

På den danske fangststasjonen Sandodden på Nordøst-Grønland (NØG) lå vinteren 1946-47 Kjeld Soelberg som fangstmann. Kjeld var en humørfyllt frisk fyr med en god replikk. Tiltross for sin ungdom var han helt skallet, ja nærmest hårløs. Dette problem hadde han løst enkelt med å lage seg en helt utmerket parykk av hvitrevskinn med skill på venstre side.

Parykken så helt naturtro ut, men det var jo litt forunderlig å se en ung mann med drivende hvitt hår. Kjeld og mange besøkende hadde stor moro av parykken.

Vinteren 1947-48 fikk Kjeld tildelt Loch Fyne som hovedstasjon, og fikk som partner en ung lærer Erling Pedersen fra Køge.

Kjeld's sjef var dir. J.G. Jennov i Østgrønlandske Fangstkompani Nanok A/S. Han var en sjarmerende fyr med lang fartstid og stor erfaring på NØG. Sommerstid gikk han alltid i noen gamle tennissko. Jennov hadde mange rare ideer om fangst, transport og hyttebygging på NØG.

Sommeren 1947 hadde Jennov med en klassisk trehjuls varesykkkel med to hjul og en transportkasse foran og ett hjul bak. Han hadde kjøpt den brukt og billig i København, og foran på transportkassen var det et stort gult skilt hvor det stod «CHRISTIANHAVNS BUDCENTRAL» med sorte bokstaver. Dir.Jennov's fantastiske idè med denne varesykkelen var at sommer's tid kunne fangstfolk bruke den til å sykle materialer og forsyninger inn til nye hytter som skulle bygges langt inne i de store dalene slik at disse kunne åpnes for revefangst.

Selv om det ikke fantes skog og trær på NØG fantes det heller ingen veg eller sykkelsti. Terrenget var kupert med bratte fjell, og med en overflate som var steinfyllt, og sommerstid var bakken bløt av teleløsning. Der det var vegetasjon var denne lav, men både dvergbjørkene og vidjene hadde kronglete greiner som var uegnet for sykkel fremkomst. At reven foretrakk kystområdene fremfor innlandet og dalene affiserte ikke dir.Jennov, som hadde besluttet at trehjulsykkelen skulle til Loch Fyne hvor Kjeld og Erling skulle bruke den til å sykle materialer m.m. inn i Stordalen vest for Loch Fyne !

Trehjulssykkelen ble stående noen dager på Sandodden og vakte mye munterhet og treffende bemerkninger fra fangstfolk som passerte. Kjeld ga den straks navnet ALPEGONDOLEN - antakelig etter fjellheisene i Alpene.

Trehjulssykkelen ble med til Loch Fyne og parkert bak stasjonen, sannsynligvis for alltid trodde man. Loch Fyne-stasjonen ligger nydelig til på vestsiden av, og innerst i, en vakker fjord hvor terrenget stiger svakt oppover bak stasjonen, og her er bakken ganske tørr med sand og lave planter. Her var det et godt moskusland.

Den 31. august 1947 hadde Kjeld og Erling skutt en stor gammel moskusokse et stykke bak og ovenfor stasjonen. Det var en fin varm dag, og bakken så også fin ut. Kjeld fikk da den idè at til å transportere moskuskjøttet hjem til stasjonen ville han bruke Alpegondolen. Hans beretning om den transporten er kostelig:

« Vi rullet frem ekvipasjen, selte på 10 hunder og spente de forbauset foran i vifteform, mens de skulte mistroisk til apparatet bak. Jeg besteg ekvipasjen, slo av håndbremsen, ringte med sykkelbjellen og smellte med pisken. De forskrekkede hundene satte avsted i full fart og vi kom raskt og velberget frem til kjøttberget. Her snudde vi ekvipasjen og hundene i retning mot stasjonen, satte håndbremsen på og la stein foran hjulene.

Vi lesset lastekassen full med kjøtt. Erling fjernet sikkerhetsteinene, jeg ringte med bjellen, smellt med pisken og slapp håndbremsen. Hundene styrtet forskrekket avsted nedover bakken mens trehjulsykkelen humpet og hoppet. Jeg stod på fotbremsen og klemte håndbremsen slik at alle hjulene stod, men den ville ferden fortsatte selv om hjulene stod stille. Omtrent halvveis til stasjonen lå det en markant og godt synbar stor stein, og her delte spannet seg omtrent på midten med ca.5 hunder på hver side av storsteinen. Kollisjonen var ikke til å unngå. Trehjulssykkelen traff steinen med voldsom kraft, og jeg fløy ca. 20 meter fremover hundespannet og hamret trompeten rett ned i «asfalten». Da jeg omsider våknet, hørte jeg en hysterisk latter. Det var Erling som trodde jeg var død. Jeg fikk nok en kraftig hjernerystelse.

Vi hentet moskuskjøttet med en vanlig hundeslede, og parkerte restene av Alpegondolen bak stasjonen, og der står dem visstnok ennå. Dette ble Alpegondolens første og siste reis på NØG.»

Drøbak, 08.07.00. Ivar Ytreland.

ISHAVSSKUTA "NORVEGIA"

Av Magnus Sefland


"Norvegia" var kanskje det mest vidgjetne norske ishavsfartøy etter "Gjøa", "Fram" og "Maud". Det var denne skuta som var med på å skaffe Noreg biland på den sørlege halvkule.

Skuta vart bygd som "Vesleper" (nr 1) i 1919, som systerskip til "Veslekari" (1). Begge skutene vart leverte til reiarlaget Winge & Co A/S i Kristiania. Dei to skutene var i det ytre mykje like og omlag like store og sterkbygde. Den viktigaste skilnaden var at "Vesleper" fekk ein tradisjonell kutterbaug, medan "Veslekari" fekk ein sterkt rana baug. Båtbyggjaren Christian Jensen i Asker konstruerte begge skutene. Jensen sjølv bygde "Veslekari" i Asker i 1918. "Vesleper" vart bygd av Jacob M. Iversen i Son året etter. Dimensjonane for "Vesleper" var 114.3 ft/285 brt. Skuta vart utstyrt med ein compoundmaskin på 290 indikerte hestekrefter frå Skiens verksteder A/S.

Frå 1920 hadde "Vesleper" fiskerimerket K 6 K. Då hovudstaden skifte namn ved nyttår 1925 vart merket endra til O 6 O. Begge Winge-skutene var mykje stasjonerte i Blomvåg ved Bergen. Der vart dei også liggande i opplag då konjunkturane vende like etter 1920. Skipperar om bord i "Vesleper" i denne tida var m.a. Ragnvald Abrahamsen og Anton Sulebakk.

Winge avvikla ishavsdrifta i 1926. "Vesleper" vart då seld til Bryde og Dahls Hvalfangerselskab A/S (konsul Lars Christensen) i Sandefjord. Christensen endra namnet til "Norvegia" og brukte skuta til fire ekspedisjonar i Sørishavet i åra 1927-1931. Eitt av måla med ekspedisjonane var å finne nye kvalfangstfelt. På den første av desse ekspedisjonane vart Bouvetøya i det sørlegaste Atlanterhavet i 1927 annektert for Noreg. Peter I Øy vart annektert i 1929, under den andre "Norvegia"-ekspedisjonen. På dei to siste ekspedisjonane, 1929-30 og 1930-31, hadde "Norvegia" med sjøfly til bruk i rekognosering. Dronning Maud Land vart kartlagt. På den siste ekspedisjonen segla "Norvegia" rundt heile Antarktis. Hjalmar Riiser-Larsen var med på begge dei to siste ekspedisjonane som ekspedisjonsleiari og flygar. Nils Larsen var skipper om bord i "Norvegia" på dei tre siste ekspedisjonane. Einar Liavåg frå Brandal var med som matros på den siste ekspedisjonen. I dei sørlege vintrane låg "Norvegia" i opplag på Sør-Georgia i 1928 og 1929 og i Cape Town i 1930.

I 1931 selde Lars Christensen skuta til Aarseth-reiarlaget på Vartdal. Christensen ville ikkje gje frå seg "Norvegia"-namnet. Skuta fekk namnet "Kvitøy" og fiskerimerket M 3 VD. "Vesleper"-namnet hadde på den tid allereie gått over på ei anna skute. "Kvitøy" sitt tilhald på Sunnmøre vart kortvarig. Skuta forliste i 1933 under fangst i Kvitsjøen. Skipper var Isak Remø. Skuta hadde 7500 dyr om bord då ho kom i ei kraftig skruing. Heile styrbord skuteside vart trykt inn, og "Kvitøy" sokk på ti minutt. Mannskapet på 25 vart teke opp av "Quest".



Ferja "Skagerak" i ruta Kristiansand-Hirtshals forliste utanfor Hirtshals i 1966. "Polarhav" av Brandal, som var i farvatnet, kom til og tok opp 30 personar. Magnus Sefland har samla informasjon om forliset og berginga. Her presenterer vi ein kortversjon av historia om hendinga.

DEN GLØYMDE BERGINGSBRAGDA

Av Magnus Sefland

Somme bergingsaksjonar til sjøs har vorte betre kjende enn andre. Berginga av folka frå "Trym" i Nordsjøen i 1937 og frå "Rokta" på romsdalskysten i 1938 er blant dei meir kjende. Frå ishavsdrifta er berginga av folka frå "Isfjell" og "Saltdalingen" i Atlanterhavet i 1939 og frå "Herøyfjord" i Norskehavet i 1949 også godt kjende.

I samanlikning med bergingsbragdane som er nemnde ovanfor er det heller lite kjent korleis det gjekk til då ishavsskuta "Polarhav" av Brandal berga folk frå bil-, jarnbane- og passasjerferja "Skagerak" i 1966. Ferja var på veg frå Kristiansand til Hirtshals med 97 passasjerar, eit mannskap på 47 og ei rekkje jarnbanevogner og bilar om bord. Vinden svinga mellom sterk kuling og liten storm då ferja forliste eit stykke nordvest for Hirtshals. I uveret traff ein brotsjø ferja i hekken. Brotsjøen slo inn køyreporten og fylte bildekket med store mengder sjø. Ferja fekk slagside og let seg ikkje rette opp. Sjøen trengde ned i maskinrommet. Etter kvart auka slagsida, motorane stoppa og den elektriske straumen fall ut. Kapteinen frykta at ferja kunne kantre.

Det vart sett i gang evakuering med livbåtar og flåtar. Med eitt unntak vart alle frå havaristen berga vel i land. Ein av passasjerane var død då han kom fram til sjukehus i Danmark. Danske helikopter kom til, det same gjorde ei rekkje fartøy. Blant desse var "Polarhav". Skuta var eit kombinert fartøy for selfangst, ekspedisjonsfart og frysefart. Ho hadde vore til Sør-Sverige med ein fiskelast og var på veg heim til Sunnmøre i ballast då naudsignalet frå "Skagerak" kom. Skipper på denne turen var Jarle Sandvik og overstyrmann var Arne Røbekk. "Polarhav" la om kursen og gjekk mot havaristen. Dei danske helikoptera tok opp opp 69 personar, ein sovjetisk trålar tok opp 39 personar og eit dansk lasteskip tok opp seks personar. "Polarhav" tok opp til saman 30 personar frå ein livbåt og to flåtar. Ved berginga var det ein fordel at "Polarhav" hadde eit lågt hovuddekk. Det gjorde det lettare å få dei skipbrotne over frå livbåten og flåtane til skipsdekket. Men akkurat lett var det ikkje i den sjøgangen som var. Bergingsmennene ved rekka om bord i "Polarhav" hadde ein mann på kvart bein, som ein klamp om foten, for at dei sjølve ikkje skulle stupe over bord. I den stilling plukka dei folka frå livbåten og flåtane, ein etter ein, i rette sekund kvar gong bergingsfarkosten låg på ein baretopp i høgd med rekka på "Polarhav". Dette gjekk føre seg medan sjøane kom inn over dekk på "Polarhav" i eitt vekk. Samtlege 30 skipbrotne vart tekne om bord i "Polarhav" utan skade. Ein av medlemane i mannskapet om bord i "Polarhav" fekk skadd ein finger under bergingsarbeidet.

Om bord i flåtane var dei fleste meir eller mindre sjøsjuke. Den mest medtekne var den eldste som vart berga, ein 64 år gamal brite med hjarteproblem. Han var så dårleg at det ei stund var dei som tvilte på at han ville overleve påkjenningane. Om bord i "Polarhav" vart britten lagd til køys i skipperlugaren.



Skipper Sandvik sjølv sprang fram og tilbake mellom styrehuset og skipperlugaren for å føre tilsyn med briten. Litt etter kvart kvikna han til.

Alle dei berga var gjennomvåte, og dei fleste var tilgrisa med oppkast. Mannskapet om bord i "Polarhav" overlet mykje av kledda sine til dei skipbrotne. Mannskapet sjølv var etter det ganske tynnkledde.

Då søket etter folk i sjøen rundt havaristen var avslutta, gjekk "Polarhav" til Kristiansand med dei berga. Ved det vart fleire familiar splitta. Det var noko som skipperen av svært gode grunnar ikkje kunne ha oversikt over då avgjerda om å gå til Kristiansand vart teka. Fram til då hadde omsynet til å få flest mogleg overlevande om bord og få dei innandørs før dei kunne bli skylde over bord igjen vore overordna alt anna. Om bord i "Polarhav" var eit tysk-norsk ektepar. Dei hadde ein 20 månader gammal son som vart teken opp frå ein livbåt av den sovjetiske trålaren og brakt inn til Danmark. Eit fransk-norsk ektepar vart teke opp av danske helikopter og brakt til Danmark. Dei hadde ein son på tre og ei dotter på fem år. Sonen kom om bord i den sovjetiske trålaren. Dei to smågutane der var ikkje gamle nok til å kunne gjere greie for seg. I tillegg kom språkvanskane. Ved eit mistak vart den fem år gamle jenta igjen om bord i havaristen etter at livbåtane med dei andre borna hadde lagt frå. Kapteinen såg ikkje anna løysing enn å kaste femåringen direkte på sjøen. Jenta vart umiddelbart plukka opp av folka i ein flåte. Seinare vart alle i denne flåten berga om bord i "Polarhav". Jenta snakka berre fransk. Om bord i "Polarhav" var der ingen andre som snakka fransk. Både i Danmark og i Kristiansand var det ei tid vanskeleg å finne ut av identitetane til desse borna. Både borna og foreldra hadde ei pinefull tid inntil det var klart for alle at dei andre familiemedlemene var i god behald.

Skipper Jarle Sandvik og mannskapet om bord i "Polarhav" fekk rosande omtale i avisene for innsatsen. Skipsreiar Peter Karlsen fekk takkebrev frå den norske regjeringa. Frå A/S Kristiansands Dampskipsselskap fekk mannskapet om bord i "Polarhav" eit tinnfat med inngraverte namn på dei medlemene i mannskapet frå havaristen som vart berga om bord i "Polarhav". Ein britisk passasjer spanderte sigarett-tennar med inngravert namn på kvar einskild i mannskapet om bord i "Polarhav". Og ikkje minst: mange av dei skipbrotne som vart berga om bord i "Polarhav" har uttalt seg sterkt rosande om berginga og forpleiinga dei fekk. Ingen kunne peike på noko som "Polarhav"-folka kunne ha gjort betre i den situasjonen som låg føre.

Likevel har innsatsen til "Polarhav"-mannskapet langt på veg vorte ei gløymd bergingsbragd. Det kan vere mange grunnar til det, mange tilfeldige forhold har sikkert spelt inn. Men ein grunn er det nærliggande å peike på. Forliset skjedde rett utanfor dei danske helikopterbasane. Derfor kom helikoptera til å ta opp den største kontingenten av skipbrotne. Helikoptera viste ein effektivitet som vekte oppsikt. Det vart sagt at denne hendinga var innleiinga til ei ny tid i moderne sjøredningsteneste. Dette er med på å forklare kvifor "Polarhav" sin innsats har vorte ståande litt i skuggen av helikopterinnsatsen. Men kapteinen om bord i "Skagerak" uttalte at m.a. "Polarhav" sin innsats ikkje stod tilbake for helikopterinnsatsen.



*Skipper Jarle Sandvik
Med tinnfatet mannskapet fekk.*

På historisk ferd til Nordøst-Grønland

En unik ekspedisjon til Svalbard, Nordøst-Grønland og Jan Mayen er under oppseiling. Turen skal gå i kjølvannet av den berømte polarskuta S/S "Quest", som for 65 år siden gikk til Nordøst-Grønland på overvintring.

Her skal årets ekspedisjon i løpet av 20 dager restaurere Schjelderuphytta i Loch Fyne, besøke flere tidligere norske fangststasjoner fra Sabine Ø i nord til Scoresbysund i sør, samtidig som et TV-team foreviger det hele. Reisen starter fra Tromsø 8.august 2001.

I 1936/37 var den legendariske ishavsskuta "Quest" av Tromsø, på en spesiell overvintringsekspedisjon til Nordøst- Grønland. Skuta skulle la seg fryse inne i Loch Fyne fjorden på Nordøst-Grønland, og fangstmannskapet fordeles på forskjellige fangsthytter i dette området til Arktisk Næringsdrift. Om bord hadde skipper Ludolf Schjelderup også med seg en eksentrisk fransk greve, som ble tatt hånd om etter beste evne. Blant annet ble det konstruert en spesialslede for han, hvor greven tronet i en egen stol med paraply til beskyttelse mot solen, mens hundene dro ham rundt på eventyr. Alt dette og mer til ble forevignet i en unik film som ble produsert den gang.

Ekspedisjonen skal besøke Svalbard, Nordøst-Grønland og Jan Mayen, sentrale destinasjoner for de store oppdagerne, men ikke minst viktige områder for det daglige utkomme for den norske ishavsnæringen gjennom flere generasjoner.

Deltagere på vår ekspedisjon vil få et unikt innblikk i en forgangen historie med dramatikk, slit og kameratskap, men ikke minst oppleve gleden ved å være i denne storslåtte del av vår verden.

Ekspedisjonen skal besøke flere gamle fangststasjoner og skal blant annet restaurere Schjelderuphytta, som ble satt opp under overvintringen i 1936. Samtidig vil det bli produsert et TV-program fra turen.

Initiativtakere til denne unike ekspedisjonen er:

- Asle Johansen, Norsk Polarbefraktning, Fredrikstad
- Jan Brun, lensmanns 1.betjent, Myre i Vesterålen
- Ulf Lien, eget regnskapsfirma, Myre i Vesterålen
- Tore W. Topp, Topp Rådgivning AS, Hamar

Vi har vel ingen eksentriske grever om bord når vi til sommeren avgår fra Tromsø med ishavsskuta "Fogo Isle", men vi oppfordrer kvinner og menn i alle aldre, med interesse for polare strøk, til å melde seg på ekspedisjonen via vår nettside eller direkte til Norsk Polarbefraktning, telefon 69311401.

Nærmere informasjon om reiserute, opplegg etc., og også eventuell påmelding til turen finnes på vår nettside:

www.polar-expedition.com

Kontaktperson:

Tore W. Topp, tlf. 62 54 95 34, mobil 92 20 55 99 og E-mail, tore.topp@fonixkomp.no

NB! Skuta "Fogo Isle" er nok bedre kjent som "Carino", bygd på Smedvik Mek. Verksed, og levert til Carino Company (Rieber) i Halifax i 1971.



Om Norsk Polarklubb

av

Fridtjof Mehlum, formann

Norsk Polarklubb er blitt et viktig bindeledd mellom folk med interesser knyttet til polarområdene. I denne artikkelen vil jeg gi en kortfattet orientering om klubbens historie og dens virke.

Klubben ble stiftet 21. januar 1933 på et møte i Ingeniørenes Hus i Oslo. Initiativet kom opprinnelig fra to telegrafister som hadde arbeidet på Svalbard, Frithjof Bathen og Dagfinn Steinskog. Disse tok kontakt med journalist Odd Arnesen i Aftenposten, som hadde mange bekjente blant folk interessert i polarområdene, og som fikk i stand stiftelsesmøtet. Allerede i stiftelsesåret hadde klubben over 100 medlemmer, og blant disse var flere av deltakerne på de store norske polarekspedisjoner helt tilbake til den første "Fram"-ferd. I 2001 har antallet medlemmer vokst til omkring 750, inklusiv i underkant av 50 utenlandske.

Hva driver Norsk Polarklubb med? Formålsparagrafen sier at klubben skal vekke interesse og spre opplysning om polarstrøkene samt norsk og internasjonal virksomhet i disse strøk. Videre skal klubben være et forum for drøftelse av alle slags emner og problemstillinger knyttet til polarområdene. Klubben holder medlemsmøter med aktuelle foredrag fire ganger i året i Oslo-området, der de fleste av medlemmene er bosatt. I de senere år der det også avholdt enkelte medlemsmøter i Longyearbyen, der klubben har over 50 medlemmer. Av og til deltar også klubben som medarrangør av større arrangementer, sammen med Norsk Geografisk Selskap, FRAM-komiteén, Explorers Club m. fl.

Videre utgir klubben "Polarboken" hvert annet år. Klubbens årbok har kommet ut helt siden 1933, og dens innhold spenner over et vidt spekter av polare temaer. Vi oppfordrer folk som har noe interessant å berette fra polarstrøkene til å sende inn manuskripter til boken. Det er stor interesse for denne boken også fra ikke-medlemmer. Mange av de tidligere utgavene er utsolgt, men klubben har fortsatt en del eldre årbøker til salgs.

I tillegg til medlemsmøter og årboken har klubben også opp gjennom årene hatt en viktig funksjon som pådriver i polare spørsmål overfor norske myndigheter, og påpekt deres manglende forståelse for polarområdenes økonomiske og strategiske betydning for Norge. Spesielt må det nevnes den tidligere formannen Helge Ingstads iherdige innsats og sterke engasjement gjennom dagspressen og overfor myndighetene i polare spørsmål. Ingstads autoritet gjorde at hans utspill hadde stor innflytelse. Ingstad, som var klubbens formann i hele 34 år, ble for øvrig utnevnt til æresmedlem av klubben i 1966. Odd Lønø, klubbens mangeårige sekretær og drivkraft, er det andre nålevende æresmedlemmet.

Norsk Polarklubb har hatt en betydelig økning i antall medlemmer de senere år, noe som tyder på stor polar-interesse blant folk. Vi ønsker også flere nye medlemmer velkommen.

Henvendelser til Norsk Polarklubb:

Norsk Polarklubb

Postboks 58 Bygdøy

0211 Oslo

(telefon, sekretær Odd Lønø 22 43 76 97)

Årsmøte

24. mars 2001

Dagsorden

1. Godkjenning av innkalling
2. Valg av ordstyrar
3. Valg av referent
4. Valg av 2 personer til å undertegne protokollen
5. Godkjenning av dagsorden
6. Årsberetning for 2000
7. Resultatregnskap og balanse
8. Revisors beretning
9. Budsjett for 2001. Fastsettelse av kontingent
10. Valg
11. Fastsetting av tid og sted for nesteårsmøte



Årsberetning

01.01.2000 – 31.12.2000

1. Styret
2. Medlemmer
3. Virksomhet – aktiviteter
4. Økonomi – Administrasjon
5. Samarbeid Museet – Venneforeninga
6. Framtiden

1. STYRET

Styret har i perioden bestått av:

Leder	Bjarne J. Brandal	valgt for 1 år i 2000
Nesleder	Hermann Bakke	valgt for 2 år i 2000
Styremedlem	Liv Skarbakk	valgt for 2 år i 2000
Sekretær	Arnfinn Karlsen	valgt for 2 år i 2000
”	Lars Brandal	valgt for 2 år i 2000
1.vara	Ottar Brandal	valgt for 1 år i 2000
2.vara	Brit Eilertsen	valgt for 1 år i 2000
Revisor	Oleif Eiken	valgt for 1 år i 2000
Valgkomite	Nils N. Pilskog	valgt for 1 år i 2000
”	Ola Pilskog	valgt for 1 år i 2000
”	Kjellrun Veiseth	valgt for 1 år i 2000

Andre tillitsverv, funksjoner:

Vennebladet Isflaket	Johannes Bjarne Alme	redaktør
Dugnadsleder	Liv Skarbakk	
Regnskap, administrasjon	Karl Ivar Kongshaug	
Repr. Fra Museumstyret	Else Karlsen	
Museumsstyrar	Webjørn Landmark (deltatt på styremøter etter avtale og har gitt orienteringer.)	

2. MEDLEMMER

Etter gjennomgang av arkivet er det ved årets slutt 549 medlemmer. 80 nye medlemmer dette året. Noen få har falt fra. VF har i tillegg noen VIP medlemmer. Disse er media, presse, offentlige myndigheter og andre organer som driver tilsvarende virksomhet som vi utveksler informasjon med.

3. VIRKSOMHET – AKTIVITETER

- **Dugnadsarbeid.**

Liv Skarbakk har vært leder for både museet og VF. Liv har også på vegne av VF besørget kulinariske ytelser som har vært til stor nytte og inspirasjon for arbeidet. Arbeidsinnsatsen har også i år vært betydelig og imponerende. Innsatsen har vært knyttet både til museet og Aarvak. Den har omfattet rydding, maling og div. Håndverksarbeid. Spesialister og omvisere har også i år gjort en flott jobb og som Museet ikke kan være foruten.

- **Bakkenaustet**, donasjon fra Nils Bakke, har fått utvendig vedlikehold av en vedlikeholdsgjeng. Taket er malt og veggene er blitt innsatt med impregneringsstoff.

- **Verkstedbygningen**, donasjon fra Martin Karlsen as, har fått fikset på vinduene av engere gruppe. Her er det mye å ta tak i framover.

- **Kjøp/Anskaffelse**

Service til 100 personer har vært den største enkeltanskaffelsen. Noen midler er brukt til dekning av utgifter i forbindelse med dugnadsarbeid. Styret har også bistått med å fremskaffe gratis eller billige driftsmidler.

- **Hakapikene** har gjort seg bemerket på flere arrangementer og er stadig etterspurte. De følger hovedretningslinjene som ble trukket opp i fjor med å delta i virksomhet knyttet til Museet i tillegg til Hadartun på Hareid.

- **Isflaket – Vennebladet.** Flott tiltak av Johannes Alme og i ettertid viser det seg at det ikke har vært noe problem med å få inn stoff for redaktør J. Alme. Karl Ivar Kongshaug har medlemskartotek på data og han skriver ut merkelapper. Kopiering osv. gjøres av VF. Det flotte teamarbeidet i Isflaket gjorde at det ble 5 utgivelser istedet for 4 som avtalt. Fine tilbakemeldinger til bladet. Johannes tar gjerne imot historier og bilder.

- **Prosjekter.** Foreningen har jobbet med ulike prosjekter. Noen mer vellykkede enn andre. Bilde- og filmarkiv prosjektet har gått litt i "stå" og trenger ny vitamininnsprøytning. Det samme gjelder prosjektet med Personintervjuer. No har Ishavsmuseet tatt et initiativ til å blåse nytt liv i dette, og venneforeningen har bevilget kr. 10.000,- til å støtte prosjektet. Magnus Sefland har sagt seg villig til å stå for det meste av personintervjuene. Noe av dette stoffet kan trolig gå inn i en senere bok fra museet.

- **Arrangementer**

- Det er avholdt 5 tyremøter og to medlemsmøter (ett av disse i forbindelse med årsmøtet) Medlemsmøtene hadde god deltakelse.

- Grillfesten 11. aug. 2000 ble vellykket tross dårlig vær. Det økonomiske overskuddet blir øremerket "katedralen" over Aarvak. Etterpå ble det bestemt å arrangere selkjøtt/grillfest 11. aug. 2001

- **Internett.** Venneforeningen har ikke egen hjemmeside, men det er opprettet email-adresser: Ishavsmusset: Ishav@frisurf.no

Venneforeningen: Ishavsmv@c2i.no

- Ishavsmuseet har en hjemmeside under museumsnett Norge; www.museumsnett.no/ishavsmuseet

Sidene er på Norsk, Engelsk og Tysk.

- Åshild Nøringset har imidlertid laget hjemmesider om Brandal og Ishavsmuseet. Her finnes endel historie og mange bilder. Sidene bør kanskje oppdateres litt og Åshild tar gjerne imot rettelser. Sidene finnes her: <http://home.online.no/~sindren/museum/index.htm>

- Jostein Hovland har også interessante web-sider. Ta en titt her <http://home7.swipnet.se/~w-73592/brandal.htm>. Her er det også engelsk versjon.

4. ØKONOMI

Karl Ivar Kongshaug fører også regnskapet på data og det er en stor lettelse i det administrative arbeidet. Han har email: karlivar@sensewave.com

Det vises forøvrig til vedlagte regnskap og budsjett. Legg merke til et beløp på kr. 7000 som er øremerket til "Katedral" over Aarvak (overskuddet fra grillfesten). Kr.10000 er øremerket personintervjuer som nemnt tidlegere.

5. SAMARBEID MUSEET – VENNEFORENINGEN

Det gode samarbeidet går for det meste på det dagligdagse og det hjelper godt å ha felles dagnadsleder. Isflaket har egen informasjonsside til disposisjon for Museet.

6. FREMTIDEN

Året 2000 har for det meste vært et konsolideringsår. Siden utviklingen i tiden framover også må baseres på frivillig innsats bør Museet vurdere hvordan man i større og sterkere grad kan aktivisere det frivillige hjelpeapparatet. Uvidet bruk av internett er viktig særlig for det utenlandske- og turistmarked. Bistand til å finne konstruktive løsninger tilfinansiering av bygget over Aarvak er viktig. Her er det plass for stor innsats, gaver, donasjoner m.m.

Venneforeningen takker for stor innsats og vil i det videre arbeid videreføre det som bl.a. er gjort.

Brandal, 3. feb.2001

Lars Brandal

Bjarne J. Brandal

Hermann Bakke

Ottar Brandal

Liv Skarbakk
Brit Eilertsen

Arnfinn Karlsen

BUDSJETTFORSLAG

Inntekter:

Medlemskontingent	60.000,-	
Arrangement	15.000,-	
Gaver,sponsorer m.m	10.000,-	
Diverse	<u>5.000,-</u>	
		<u>90.000,-</u>

Utgifter:

Dugnader	15.000,-	
Sekretariat/administrasjon	10.000,-	
Isflaket	15.000,-	
Kjøp – anskaffelse	15.000,-	
Prosjektutgifter	15.000,-	
Fondsavsetning Aarvak	15.000,-	
Diverse	<u>5.000,-</u>	
		<u>90.000,-</u>

Innstilling frå valkomiteen, Ishavsmuseet's venner.

Det skal veljast leidar for 1 år, to styremedlemmar for 2 år, to varamedlemmar for 1 år.

Valkomite: leder og to medlemmar

Revisor: velges for 1 år.

Valkomiteens forslag:

Styreleiar	Bjarne J. Brandal	velges for 1 år
Styremedlem	Hans Petter Brandal	velges for 2 år
Styremedlem	Leif Kristian Brandal	velges for 2 år
Varamedlem	Ottar Brandal	velges for 1 år
Varamedlem	Brit Eilertsen	velges for 1 år

Ikkje på val: Liv Skarbakk og Hermann Bakke.

Valkomite

Ola Pilskog

Nils N. Pilskog

Kjellrun Veiseth

Ishavsmuseets Venner, Postboks 20, 6062 BRANDAL

Resultat

Konto	Debet	Kredit	Noter
Kontigenter	.	44.000.00	note 4
Andre Innkter	.	6.500.00	Note 6
Sponsorer	.	6.000.00	Note 5
Isflaket	9.704.00	.	note 1
Div.omkostning	3.378.32	.	
Ishavsmuseet	17.823.63	.	note 2
Grillfest	.	8.156.67	note 3
Avskrivninger	8.579.00	.<	
Renter	.	530.19	
Overskudd	25.701.91	.	
	65.186.86	65.186.86	

Balansen

Konto	Debet	Kredit
Kassa	652.60	.
Sparebanken	31.262.55	.
Møre		
Postbanken	1.649.84	.
Musikkanlegg	1.00	.
Annen	.	26.565.99
egenkapital		
Fond	.	7.000.00
	33.565.99	33.565.99

Note 1- Isflaket

- * PortoKr. 5.874.-
- * Trykking.....Kr. 3.830.- = Kr. 9.704.00.

Note 2- Ishavsmuseet

- * Dugnadsmat.....Kr.3.975.30
- * Andel-alarmanlegg.....Kr.3.000.00
- * Middagservie.....Kr.4.000.00
- * Diverse til naust.....Kr. 2.350.00
- * Vask av Aarvak.....Kr. 1.076.25
- * Diverse Nesset etc.....Kr. 2.498.00
- * Diverse småregninger Kr. 924.08 = Kr. 17.823.63

Note 3- Grillfesten.

- * Brutto inntekter.....(..Kr. 17.158.30)
- * Annonse Sposten....Kr. 1.245.50
- * Selkjøtt.....Kr. 2.960.03
- * Tilbehør,salat etc . ..Kr. 3.092.10
- * Lett øl.....Kr. 783.00
- * Grillrekvisita.....Kr. 280.00
- * Nille,servietter etc...Kr. 641.00
- * OVERSKUDDKr. 8.156.67.....= Kr. 17.158.30

Note 4-Kontigenter

- * 192 enkeltmedlemmerKr. 19.200.00
- * 119 i familiegrupper..... Kr. 23.800.00
- * 2 i betalt kr.500..... Kr 1.000.00 =..Kr.44.000.00.

Note 5-Sponsorer

- * Libra Eiendom A/S.....Kr. 5.000.00
- * Nordvest Miljø A/S...Kr. 1.000.00

Note 6-Andre inntekter

- * LoddsalgKr. 3.500.00
- Annonser i Isflaket..Kr. 3.000.00

Årsregneskapet for Ishavsmuseets venner for år 2000 er revidert og funnet i orden.

Oleif Eiken
Sign.

B

Kjære venner av Ishavsmuseet.

Samstundes som vi skal oppsummere året 2000, står vi framfor ein ny sesong. Året som gjekk må vi seie oss godt nøgde med, sjølv om vi hadde litt færre besøkande enn i 1999. Men dette var noko vi måtte vente oss. Eit opnings år er alltid litt spesielt. Men sjølv om det er har vore store utgifter til den daglige drifta maktar vi å gjere opp drifta i balanse. Vi har og funne plass til nokre opprustinga som etterkvart gjer oss meir interessante for publikum.

Mesteparten av dette arbeidet er det våre trufaste dugnadsfolk (med Albert og Odd i spissen), som har stått for. Utan denne hjelpa hadde det vore lite fornying. Stor takk til alle dei som hjelper til på dugnad. Det er mange grupper som no har meldt sin ankomst til sommaren, Webjørn står på med marknadsføring, og elles har både han og museet stadig vorte kjent med nye aktuelle reiseselskap.

Viktig for oss er også det gode samarbeidet med dei to hotella på øya. Sigurd Johan ved Hareid Hotell er ein svært god medspelar, og det same er dei ved Ulstein Hotell. Året som har gått har vist oss at det er mange ting vi i styret må drøfte når det gjeld utnyttinga av museet, og korleis den framtidige økonomien skal sikrast. Vi måtte vente ei innkøyringstid, men der er stadig nye utfordringar.

Når det gjeld hus over "Aarvak" skal eg kome tilbake til det seinare, i denne samanheng vil eg berre seie meg lei for at vi enno ikkje har fått det godkjent i Hareid kommune, og før den tid kan vi ikkje selje "produktet".

Einar Holm
Styreleiar

Kjære lesar, her er årets første Isflak.

Denne gongen har vi hatt mange problem med datafiler og lay-out, og ikkje minst problem når vi skulle skrive ut produktet, med datamaskiner som låste seg. Når så dette arbeidet skal gjerast "inn-i-mellom" så blir det gjerne litt stress. Av denne grunn ber vi om tilgiving for at her er nokre detaljar som ikkje er slett slik vi skulle ønske. Det positive for oss er i alle fall at stoff kjem til, no har vi både stoff på "lager" og under skriving til framtidige nummer. Har du noko, så ta kontakt.
Johannes Alme

Lars Brandal

Aut. Rekneskapsfører

6069 Hareid

Tlf./fax: 70 09 37 65



**SPAREBANKEN
MØRE**

Hareid